

**Budsjett 2020
Økonomiplan 20-23**



Innleiing

Dette budsjettforslaget byggjer på kommunedirektøren sitt budsjett, og alle tall er endringar i forhold til det budsjettet.

Kommunen sin viktigaste oppgåve er å sørge for gode tenester til innbyggjarane i kommunen. Der meiner SV at Os-delen av kommunen har lege på eit minimumsnivå over lang tid. Nybygg, både nødvendige og unødvendige, har vore prioriterte over kvaliteten på tenestene. I Fusa-delen er situasjonen litt annleis, der har det stort sett vore brukt meir pengar på tenestene, og dei har halde eit høgare nivå. Budsjettframlegget til kommunedirektøren legg opp til omlag same tenestenivå som i dag. Det meiner SV er for dårleg, og vårt alternative budsjett vil difor innehalde ein styrking av dei fleste tenesteområdene.

I budsjettet har SV prøvd å gjere det slik at familiar med låg inntekt i hovudsak skal komme betre ut økonomisk enn kva dei gjer i dag, medan dei med høg inntekt vil i hovudsak måtte betale litt meir. Dette vil i enkelte tilfelle dessverre ikkje vere mogleg, sidan vi har avgrensa med verkemidlar for å oppnå dette på kommunenivå.

Oppvekst

Oppvekstsektoren er den sektoren som vil få det største løftet i vårt alternative budsjett. På Os-sida av kommunen har det mangla ein del årsverk for å oppfylle lærarnorma, og barnehagenorma vart så vidt oppfylt i 2018. I Fusa-delen av kommunen er lærarnorma oppfylt og bemanninga i barnehagane ligg mellom 5 og 10% over bemanningsnorma. Vårt budsjett legg opp til å oppfylle lærarnorma i heile kommunen og styrke bemanninga i barnehagane. Vi har sett av pengar til ca. 10 lærarårsverk i skulane og 3 i dei kommunale barnehagane. Dei private barnehagane vil få sine ekstra overføringar to år seinare, i samsvar reglane for finansiering av private barnehagar.

For å motverke mobbing og skape eit betre miljø på skulen ønskjer SV også å tilsetje miljøterapeutar i ei fri rolle på skulane. Miljøterapeutane vil jobbe tett saman med meistringsteamet, helsesjukepleiar og innsatsteam mot mobbing og sørge for at dei elevane som treng støtte, blir sett og rett instans kopla på om nødvendig. I 2020 ønskjer vi å begynne med éin miljøterapeut per 400 elevar (mindre skolar får då miljøterapeut eit par dagar i veka) for så å utvida ordninga i 2021. Meistringsteamet vil også styrkjast for å kunne ta på seg oppgåver i heile kommunen og for å kunne ta enda fleire saker.

Klasseturar er eit viktig tilbod i ungdomsskolen, både for å skape trivsel og for læring. For å sikre at skulene skal ha råd til dette, har SV auka overføringane til skulene med 1,5 millionar kroner. Dette skal finansiere klassetur for alle 10. klassane og styrkje den generelle økonomien til skulene.

SV innfører også ei forsøksordning med leksefri skole. Her er det sett av midlar slik at dette kan prøvast på eit par skular i kommunen. Vi ønskjer primært å prøve dette på skoler der rektor og lærarane ønskjer ein leksefri skule. Korleis dette skal implementerast, må fagforeiningane, skuleleiinga og kommuneadministrasjonen saman finne ei løysing på.

På Fusa ungdomsskole har det vore ei prøveordning med skolefrukost. Denne ordninga må evaluerast grundig, slik at vi kan får frem dei positive effektane det har hatt og få eit grunnlag for å avgjera om skulemat skal innførast i alle skulane i kommunen.

I kommunedirektøren sitt budsjett er det lagt opp til ein reduksjon med eitt årsverk hos kommunepsykologen innan oppvekst, samstundes som det på budsjettkonferansen vart påpeika at psykiske problem hos barn og ungdom er eit aukande problem. SV meiner det vert feil å kutte der når behovet er aukande, og dette kuttet er difor reversert i vårt budsjett.

Det er dyrt å ha barn i SFO og barnehage. For å gjere dette litt billigare for familiar med fleire barn som brukar slike tenester, ønskjer SV å innføre søskenmoderasjon mellom SFO og barnehage, og for familiar med fleire barn i SFO. Moderasjonen bør vera på 30%, slik det er no for dei som har to barn i barnehagen. SV har sett av ein million til dette tiltaket. Eventuelle pengar som er til overs, vil gå til å redusere prisene i SFO generelt.

SVs viktigste satsningar	Beløp (i tusen kroner)
Miljøterapeutar i skulane	6 500
Oppfylle lærarnorma	7 000
Auka overføringar til skulane	1 500
Auka overføringar til kommunale barnehager	1 500
Fleire stillinger i meistringsteamet	1 000
Søskenmoderasjon i SFO og mellom barnehage og SFO	1 000

Eldreomsorg

Eldreomsorga i Os-delen av kommunen har nyleg hatt ei varslarsak, og konklusjonen til advokatfirmaet SANDS, som handsama dette varselet, er at bemanninga bør aukast, og at det trengs ekstra hjelp under måltida. Varselet og rapporten tok for seg ei enkelt avdeling, men det er ingen grunn til å tro at ikkje mykje av utfordringane kan overførast til andre avdelingar, sjølv om behovet for auka bemanning kanskje ikkje er like prekært over alt. SV ønskjer å tilføre eldreomsorga 15 nye årsverk for å sørge for at bemanninga til ein kvar tid er forsvarleg, og for å betre tilbodet til dei eldre. Dette påverkar ikkje budsjettet i 2020 da det er finansiert av SIO, men det vil påføre kommunen ekstrakostnader når vi går ut av SIO, noko SV har tatt høgde for i økonomiplanen. Denne auken i årsverk skal i hovudsak skje ved å auke stillingsprosenten til personar som alt arbeider innan eldreomsorga i kommunen. Vanskar med å få turnus til å gå opp, er ikkje grunnlag for nyttilsettingar.

Kjøkken på Luranetunet har vore eit tema i fleire år. Her må fleire modeller greiast ut for at vi skal vere sikker på å få den best moglege løysinga for både tilsette og bebuarar. SV ønskjer fortgang i dette arbeidet, slik at vi kan få eit kjøkken på plass så snart som mogleg og kan søke statleg delfinansiering.

Husleiga i omsorgsbustad i kommunen er for høg. For bebuarar på Luranetunet med lågaste pensjonssats, tyder det at dei berre har rett over 100 kroner til overs etter faste utgifter per måned. SV sitt budsjett legg opp til å redusere husleiga med 2000 kroner per måned, slik at også minstepensjonistar utan bustønad har pengar til eige bruk kvar måned.

SVs viktigste satsingar	Beløp (i tusen kroner)
Styrke bemanningen i institusjonane	10 000 ¹
Redusere husleien i omsorgsbustader	2 000

1 - Dette påverkar ikkje budsjettet i år, då det vert finansiert av staten via SIO

Sosialtenester

Vår kommune er ein av kommunane som gjev kutt i sosialstønad for barnetrygda. Dette meiner vi i SV er djupt urettferdig og gjer det vanskelegare for barn i familiar som mottar sosialstønad å delta på dei same aktivitetane som andre barn. SV foreslår derfor å holde barnetrygda utanfor når sosialstønaden skal utreknast.

Kommunedirektøren nyttar fjorårets satsar til å rekne ut sosialstønaden. Det tyder at mottakarar av sosialstønad effektiv sett, mottar litt mindre enn staten sine tilrådingar. Dette meiner SV er småleg, og SV foreslår difor å nytte årets satsar til å rekne ut sosialstønaden. Det kostar ikkje kommunen mange kroner, men kan tyde mykje for dei som får denne stønaden.

Mange born veks opp i fattige familiar. Å holde barnetrygda utanfor når man reknar ut sosialstønad, og å bruka årets satsar, vil hjelpe ein del, men ikkje nok. SV set difor av 500 000 ekstra som skal gå til tiltak for å hjelpe barn i fattige familiar, også dei som ikkje får sosialstønad. Dette kan for eksempel vere pengar til sykkel eller anna utstyr borna treng, støtte til ferie eller konfirmasjon, eller for å dekke kostnader til turar med idrettslag eller andre organisasjonar for å nemne nokon eksempel. SV meiner barn skal kunne delta som normalt uavhengig av foreldra sin økonomi. Tenesteutvalet må vera involvert i utarbeidinga av nærmare retningslinjer for korleis pengane best kan fordelast for å komme barnefamiliar til gode.

SVs viktigste satsingar	Beløp (i tusen kroner)
Fjerne avkortning i sosialstønad for barnetrygd	700
Bruke årets sats sosialstønad	200
Tiltak mot barnefattigdom	500

Næringsliv

SV ønskjer at Bjørnafjorden skal vere ein attraktiv kommune for næringslivet, og vi har som mål å få oppretta fleire arbeidsplassar i kommunen for å få ned utpendlinga. Dette er viktig både i forhold til miljø og i forhold til kommunens inntekter. For å få dette til, er utviklinga av gode, framtidsette næringsområde viktig. SV støttar difor utviklinga av både Lyseparken næringspark og Samnøy næringsområde og kjem til å jobbe for å få realisert disse så raskt som mogleg utan at det skal gå utover dei framtidsette løysningane.

For SV er det også viktig å ta vare på det næringslivet vi alt har i kommunen. Difor ønskjer SV å vidareføre støtta til Bjørnafjorden næringsråd og Visit Bjørnafjorden.

SVs viktigste satsingar	Beløp (i tusen kroner)
Bjørnafjorden Næringsråd	300
Visit Bjørnafjorden	250

Kultur

Kultur er viktig for SV, men på grunn av trange rammar og harde prioriteringar, har vi ikkje funne rom for store ekstra overføringar utover tilrådingane i kommunedirektøren sitt budsjett. Kulturskulen får 400 000 i auka overføringar for å få ned ventelistene og gjere tilbodet tilgjengeleg for fleire, og Oseana KF sine overføringar aukast med 100 000. Det vert sett av 200 000 som frivillige lag og organisasjonar kan søkja om tilskot til. Tenesteutvalet forvaltar desse midlane.

For SV er det viktig at Fjellheim vert teken vare på, og ideen om at Oseana KF tar over bygget og drifter det som eit kulturbygg, er svært spennande. SV ønskjer å trekke Fjellheim frå marknaden og ber Oseana KF om å arbeide vidare med planane for Fjellheim. SV set av 5 millionar i økonomiplanen til ombygging/oppussing av Fjellheim om planane til Oseana KF viser seg moglege å realisera. Dei årlege overføringane til Oseana KF vil auka når Fjellheim er i drift som kulturhus, i tråd med auka tilbod.

SV står ved kommunedirektøren sin tilråding om å kjøpe samfunnshuset i Eikelandsosen. Vi treng eit samfunnshus i Eikelandsosen, og SV ønskjer derfor å kjøpe og ruste opp dette bygget. Vi meiner det bør leggjast til rette for å ha enkelte førestillingar i dette samfunnshuset etter ei oppussing, gjerne i samarbeid med Oseana KF. SV set difor av 2 millionar ekstra til oppussing av samfunnshuset i Eikelandsosen, slik at huset kan nyttast til fleire varierte førestillingar.

SVs viktigste satsingar	Beløp (i tusen kroner)
Styrke kulturskulen	500
Auka støtte til frivillige lag og organisasjonar	200
Fjellheim (investeringsbudsjettet)	5 000
Samfunnshuset i Eikelandsosen (investeringsbudsjettet)	2 000

Veg

Mange kommunale vegar i Bjørnafjorden treng vedlikehald og oppgradering. I kommunedirektøren sitt budsjett er det sett av 3,6 millionar til dette formålet, omtrent like mykje som tidlegare år. SV meiner at det er eit behov for å bruke meir pengar på vedlikehald og oppgradering for å unngå at etterslepet blir enda større, og vi foreslår difor å auke dette beløpet monaleg.

SVs viktigste satsingar	Beløp (i tusen kroner)
Auka overføringar til vedlikehald av veg	2 400

Kommunale avgifter

Dei kommunale avgiftene i kommunen er høge grunna fleire store investeringar og fordi OHARA vart mykje dyrare enn budsjettert. Den auka børa ein eigedomsskatt vil påføra innbyggjarane i kommunen, gjer at vi i SV ønskjer å stoppe veksten i kommunale utgifter. SV foreslår difor å utsetje ein del prosjekt innan vatn og avlaup for å redusere veksten i kommunale avgifter. SV foreslår derfor å utsette prosjekter for til saman 200 millionar kroner i planperioden, noko som vil

redusere dei kommunale utgiftene med ca. 1180 kroner per husstand per år. I åra etter utsetjingane bør investeringsbudsjettet aukast noko for å hindre at etterslepet i vedlikehald blir enda større enn i dag.

Tilkoplingsavgifta for vatn og avlaup reknast ut frå areal, og for store næringsbygg kan summene bli svært høge med kommunedirektøren sitt forslag, spesielt for store lagerbygg med lite behov for vatn og kloakk. SV foreslår difor følgande endringar i tilkoplingsavgift for næring og landbruk;

Tilkopling av vatn for næringsbygg, inkludert landbruk, skal koste 143,- pr. m² bruksareal opptil 1000m², og kroner 50,- pr. m² bruksareal utover dette.

Tilkopling av avlaup for næringsbygg, inkludert landbruk, skal koste 264,- pr. m² bruksareal opptil 1000m², og kroner 90,- pr. m² bruksareal utover dette.

I særskilte høve, kor tilkoplingsavgifta vert urimeleg høg for særleg store bygg, får kommunedirektøren fullmakt til å fastsetja eit rimeleg tilkoplingsgebyr.

Å redusere dei kommunale avgiftene for næring meir enn dette, vil flytte ein for stor del av kostnaden over på private bustader, og det er ikkje ønskeleg.

Kommunal vikarsentral

Det er høg vikarbruk i kommunen, både frå vikarbyrå og av «ringehjelp». Innleige frå vikarbyrå kostar mykje meir per time, og bruk av «ringehjelp» er tidkrevjande. I mange høve brukar kommunen ufaglærte i roller der det burde vere kvalifisert personell. SV ønskjer difor å opprette ein kommunal vikarsentral som i første omgang skal dekke eldreomsorg og oppvekst, og kvar dei tilsette i vikarsentralen skal vere fast tilsette i 100% stilling. Administrasjonen må rekne på kor mange årsverk som krævast for å dekkje eit vanlig sjukefråvær innan dei forskjellige stillingskategoriane og tilsetje vikarar deretter. SV har ført dette opp som ei innsparing i budsjettet, fordi mindre bruk av vikarbyrå, vil kunne redusere utgiftene kraftig.

Eigedomsskatt

Kommunen er i ein vanskelig situasjon økonomisk. Sjølv utan å heve tenestene slik SV ønsker, kan det bli behov for eigedomsskatt innan få år. Underskotet i kommunedirektøren sin økonomiplan ligg på 60 millionar kroner, og når vi går ut av SIO (statleg finansiert eldreomsorg) om få år, manglar vi ytterlegare 90 millionar kroner. I tillegg til den økonomiske utfordringa er tenestene, etter SV sitt syn, ikkje gode nok. Derfor meiner SV det er lurt å planlegge for desse framtidige utgiftene alt no, og at det dessverre er nødvendig med ein moderat eigedomsskatt for å få betre tenester i kommunen.

I 2020 har SV difor planlagt med en eigedomsskatt på 1 promille for bustad, med eit botnfrådrag på 500 000, og 2 promille for næring. Totalt meiner SV at det er realistisk å få inn 36 millionar i eigedomsskatt i 2020. I økonomiplanen aukast satsane ytterlegare i 2021, til høvesvis 2 promille for bustad og 4 promille for næring. Botnfrådraget for bustad vert halde på 500 000. I 2022 aukast satsane til høvesvis 3 og 5 promille, og botnfrådraget for bustad aukast til 800 000. Dette er

nødvendig om kostnadsestimata for å gå ut av SIO, stemmer. Skulle det vise seg at kostnadene ikkje blir så høge som vurdert, vil SV redusere satsen for eigedomsskatt på bustad omgåande.

Eigedomsskatten for næring er i heile planperioden lågare enn kva den var i Fusa. SV har bevisst valt å stoppe på 5 promille for å unngå at eigedomsskatten på næring blir høgare i Bjørnafjorden enn i Bergen. Dette for å hindre ein eventuell næringsflukt til nabokommunen. Samstundes ser vi at næringslivet hadde god vekst i Fusa, sjølv med ein høgare eigedomsskatt, så SV ser på risikoen for næringsflukt som liten, sjølv med ein høgare eigedomsskatt.

Investeringar

SV er stort sett einig i kommunedirektøren sitt framlegg til investeringar, men vi har gjort nokre små endringar. Vi har fjerna «Tollaneset» i påvente av meir informasjon om prosjektet. SV er i utgangspunktet skeptisk til bygging i strandsona og til at kommunen skal bidra økonomisk til private prosjekt. I tillegg til kommunedirektøren sine investeringar, har vi sett av pengar til «leie til eie», auka ramma for startlån og sett av pengar til eit klimafond.

SV ønskjer å auke budsjettet for startlån slik at kommunen kan hjelpe enda fleire med å skaffe seg eigen bustad. Sjølv om dette aukar kommunen sitt låneopptak, aukar det ikkje utgiftene til å betala låna noko særleg, då renter og avdrag vert betalte av den som kjøper bustaden. SV har fått stadfesta av NAV i Os at det er behov for meir startlån og håpar ei auke på 10 millionar i året vil dekke behovet.

Ikkje alle som treng hjelp til å skaffe seg bustad møter krava til startlån i Husbanken, difor ønskjer SV å opprette en kommunal ordning med «leige til eige» for å hjelpe denne gruppa. Ungdom som ikkje har klart å spare opp nok eigenkapital, og personar som per dags dato ikkje møter krava til betalingsevne, men som kommunen trur vil vere i stand til det på eit seinare tidspunkt, er eksempel på grupper som denne ordninga vil hjelpe. SV set av 5 millionar til dette i 2020 og 10 millionar dei påfølgjande åra i økonomiplanen.

Klimafondet er planlagt slik at kommunale føretak og einingar kan søke om midlar herifrå til klimatiltak, det vere seg varmepumper, solcellepanel eller andre ting som reduserer utslepp av klimagassar. Dette er eit av verkemidla for å få ned kommunen sine klimagassutslepp. Klimafondet vert tilført 3 millionar kroner årleg til klimatiltak.

SVs viktigste satsingar	Beløp (i tusen kroner)
Leie til eie	5 000
Klimafond	3 000
Startlån	10 000

Økonomiplan 2020 - 2023

I vår økonomiplan har vi tatt omsyn til det faktum at prosjekt med statleg finansiert eldreomsorg er ferdig ved utgangen av 2022. Då vil utgiftene til kommunen auke med om lag 90 millionar meir enn inntektene. Det tyder at kommunen i løpet av planperioden anten bør kutte for 150-180 millionar eller inntektene må auke tilsvarande. I vår økonomiplan har vi lagt opp til at inntektene skal auke og at utgiftene etter 2020 fell noko grunna innsparingar frå kommunedirektøren sitt prosjekt «Bjørnafjorden 22». SV trur kommunedirektøren sine mål for «Bjørnafjorden 22» er litt for ambisiøse, og kommunen risikerer at kutta går ut over tenestenivå og arbeidsforhold. Vi har difor budsjettert med litt mindre innsparingar for «Bjørnafjorden 22» enn summene nemnt på budsjettkonferansen. Vår økonomiplan legg opp til overskot i heile planperioden, og vi går nesten med nok overskot i 2023 til å handtere eventuelle ekstrautgifter når vi går ut av SIO, noko SV meiner er viktig for å sikre trygge økonomiske rammer i åra framover.

Det er få nye element i vår økonomiplan i åra etter 2020 i høve kommunedirektøren sin plan. Som nemnt tidlegare, ønskjer vi å utvide ordninga med miljøterapeutar i skolen, dette er det sett av midlar til i 2021. I 2022 vil vårt forslag om auka overføringar til dei kommunale barnehagane i 2020 gjere at også dei private barnehagane får meir midlar, derfor ligg det også inne pengar til å dekke dette. Utover det er det ingen nye utgifter i vårt driftsbudsjett i planperioden. Totalt legg SV sin økonomiplan opp til auka utgifter på rett over 41 millionar i 2023, samstundes som inntektene aukar med 77 millionar som følgje av eigedomsskatt.

I investeringsbudsjettet har vi slått saman «Liv på Øyro» og «Miljøgate Eikelandsosen» til «Liv i krinsane». Oppstart er framskunda til 2021 og den totale ramma for prosjekta er lik, men vil strekkje seg til utover planperioden. Innanfor planperioden er beløpet redusert med 5 millionar. Dette prosjektet vil dekke alle krinsane i kommunen, ikkje berre Osøyro og Eikelandsosen.

Vi har ikkje sett av midlar til kjøkken på Luranetunet i økonomiplanen fordi vi treng meir kunnskap om kva det vil koste og når det er mogleg å starta bygginga. Det har høg prioritet og vi håper at vidare planlegging kjem i gang snart.

Vidare har SV auka ramma for «Samfunnshus Eikelandsosen» med 2 millionar i 2022 for å kunne pussa opp bygget slik at det også kan brukast til førestillingar og bygdekino.

SV ønsker også å hjelpe Oseana KF med å byggje om Fjellheim til kulturhus og har sett av 5 millionar til dette formålet i 2022.

Endringar i driftsbudsjettet 2020

Endringar driftsbudsjett 2020	Utgifter (i tusen)	Inntekter (i tusen)
Miljøterapeutar i skulen	6 500	
Oppfylle lærarnorma	7 000	
Auka overføringar til skulane	1 500	
Forsøk leksefri skole	1 000	
Auka overføringar til kommunale barnehager	1 500	
Fleire stillingar i meistringsteamet	1 000	
Behalde kommunepsykologstilling	1 000	
Søskenmoderasjon i SFO og mellom BHG og SFO	1 000	
Auka overføringar til PPT	700	
Auka overføringar til kulturskulen	400	
Auka overføringar til Oseana KF	100	
Støtte til lag og organisasjonar	200	
Auka overføringar til barnevern	600	
Auka overføringar til førebyggjande helsetenester	700	
Styrke bemanninga i institusjonane	0 ¹	
Redusere husleia i omsorgsbustader	2 000	
Fjerna avkortning i sosialstønad for barnetrygd	700	
Bruka årets sats sosialstønad	200	
Tiltak mot barnefattigdom	500	
Auka budsjett til vedlikehald og oppgradering av veg	2 400	
Redusera kommunale avgifer		
Administrera «Leie til eie»	200	
Innsparing som følge av bemanningssentral		200
Bjørnafjorden Næringsråd	300	
Visit Bjørnafjorden	250	
Redusera formannskapets disposisjonsfond		1 000
Auka skatteanslag		4 000
Eiegedomsskatt bolig		16 000
Eiegedomsskatt næring		20 000
Redusera uttak frå fond	11 450	
Totalt	41 200	41 200

1 – Auka bemanning i institusjonane påverkar ikkje budsjettet i år, då det vert finansiert av staten via SIO

Endringar i investeringsbudsjettet

Endringar i investeringsbudsjett (i tusen)	2020	2021	2022	2023
Fjellheim			5 000	
Klimafond	3 000	3 000	3 000	3 000
Leie til eie	5 000	10 000	10 000	10 000
Liv i krinsane		5 000	5 000	10 000
Liv på Øyro 2			-7 000	-6 000
Miljøgate Eikelandsosen sentrum			-5 000	-7 000
Samfunnshus Eikelandsosen			2 000	
Startlån	10 000	10 000	10 000	10 000
Utvikling Tollaneset	-5 000	-5 000		
Endringar totalt	13 000	23 000	23 000	20 000
Endringar som ikkje er «sjølvkost»	<u>-2 000</u>	<u>3 000</u>	<u>3 000</u>	0

	2020	2021	2022	2023
Sentrale inntekter				
Skatt på inntekt og formue	-757 191	-757 191	-757 191	-757 191
Ordinært rammetilskudd	-323 442	-323 442	-323 442	-323 442
Økt skatteinngang	-4 000	-24 000	-44 000	-64 000
Skatt på eiendom	-36 000	-72 000	-77 000	-77 000
Andre generelle statstilskot	-45 352	-3 100	-3 100	-3 100
Sum sentrale inntekter	-1 165 985	-1 179 733	-1 204 733	-1 224 733
Driftsutgifter per tenesteområde				
Frie inntektar og Finans	0	0	0	0
Fellesområde	57 669	57 855	57 019	57 019
Stab	88 071	81 571	81 571	81 571
Oppvekst	690 191	693 591	698 655	698 655
Helse og velferd	83 184	84 100	85 375	85 375
Samfunnsutvikling	134 688	131 688	131 688	129 688
«Bjørnafjorden 22»	0	-10 000	-25 000	-30 000
Korr. Summeringsfeil	-1	-1	-1	-1
Driftsutgifter per tjenesteområde	1 053 802	1 038 804	1 029 307	1 022 307
Korr. finansutgifter i tenesteområdene	0	0	0	0
Korr. avsetningar i tenesteområdene	13 922	15 222	15 222	15 222
Korr. motpost avskrivningar i tenesteområde	70 276	70 276	70 276	70 276
Brutto resultat (KOSTRA)	-27 985	-55 431	-89 928	-116 928
Renteinntektar og utbytte	-10 920	-10 920	-10 920	-10 920
Renteutgifter, prov. og andre fin.utgifter	71 667	78 273	77 581	76 902
Avdrag på lån	107 409	118 907	129 162	130 871
Netto kalkulatoriske rentar (frå sjølvkost)	-60 303	-64 187	-67 875	-71 253
Netto finansinntektar/finansutgifter	107 853	122 073	127 948	125 600
Finansutgifter i tenesteområdene	0	0	0	0
Totale finansutgifter	107 853	122 073	127 948	125 600
Motpost avskrivningar i tenesteområdene	-70 276	-70 276	-70 276	-70 276
Netto resultat (KOSTRA)	9 592	-3 634	-32 256	-61 604
Til ubundne avsetningar	1 800	1 800	1 800	1 800
Bruk av ubundne avsetningar	-1 470	0	0	0
Bruk av bundne avsetningar	0	0	0	0
Netto avsetningar	330	1 800	1 800	1 800
Netto avsetningar i tenesteområdene	-13 922	-15 222	-15 222	-15 222
Totale avsetninger	-13 592	-13 422	-13 422	-13 422
Overført til investering	4 000	4 000	4 000	4 000
Årsoverskot (-)/Årsunderskot (+)	0	-13 056	-41 678	-71 026